



2019 -
2022

HEMSEDAL KOMMUNE



Vedteke i K-sak 103/2018 – 18.12.2018

HANDLINGS-
PROGRAM OG
ØKONOMI-
PLAN

Innhold

1. INNLEIING	4
2 DEFINISJONAR	4
3 SAMFUNNSPERSPEKTIVET	5
3.1 Hemsedal som kultur og idrettskommune.....	5
3.2 Oppvekstmiljø – barn og unge	7
3.3 Helse, velferd, omsorg.....	8
3.4 Bustadsutvikling	9
3.5 Utbygging	10
3.6 Næringsutvikling.....	11
3.7 Miljø.....	12
3.8 Samferdsel og kommunikasjon	14
3.9 Samfunnssikkerheit og beredskap	15
4 TENESTEPERSPEKTIVET	16
4.1 Kultur og oppvekst	16
4.2 Helse – og omsorgsetaten	17
4.3 Teknisk etat	20
5. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	24
6. ØKONOMIPERSPEKTIVET	27
6.1 FØRESETNADER BUDSJETT	27
6.1.1 – Generell informasjon.....	27
6.1.2 – Innsparingar frå administrasjonen	30
6.1.3 – Tilpasningar i drift.....	31
6.1.4 – Investeringstiltak – framlegg frå Formannskapet 27.11.2018	31
6.1.5 – Driftstiltak – framlegg frå Formannskapet 27.11.2018	33
6.2 ØKONOMISKE OVERSIKTER	35
6.2.1 – Økonomisk oversikt drift (alle tal i heile 1.000 kroner).....	35
6.2.2 – Økonomisk oversikt investering (alle tal i heile 1.000 kroner).....	36
6.2.3 – Økonomisk oversikt – Budsjettskjema 1A (alle tal i heile 1.000 kroner).....	37
6.2.4 – Økonomisk oversikt – Budsjettskjema 1B (alle tal i heile 1.000 kroner).....	37
6.2.5 – Økonomisk oversikt – Oversyn - artsgruppering	38
6.2.6 – Økonomisk oversikt – Budsjettskjema 2 A (alle tal i heile 1.000 kroner).....	38

6.2.7 – Økonomisk oversikt – Budsjettskjema 2 B (alle tal i heile 1.000 kroner)	39
7 BUDSJETTVEDTAK	40
8 GEBYR OG BETALINGSSATSAR	43
8.1 – Slam	44
8.2 – Renovasjon	45
8.3 – Vatn og avløp	45
8.3 – Vatn og avløp – fortsetter	47
8.4 – Matrikkel.....	48
8.4 – Matrikkel - fortsetter	49
8.5 – Plan og bygg.....	50
8.5 – Plan og bygg - fortsetter	51
8.6 – Plan og bygg – del 2	52
8.7 – Feiling	53
8.8 – Landbruksaker.....	53
8.9 – Brukarbetaling helse- og omsorg.....	53
8.10 – Brukarbetaling Oppvekst.....	56

1. INNLEIING

Handlingsprogrammet 2019-2022 har tatt utgangspunkt i satsingsområda som er skissert i gjeldande kommuneplan (2010-2022), i vedtatt Handlingsprogram for 2017-2020 og kommunen si årsmelding for 2017. I tillegg er det tatt omsyn til nye lokale og nasjonale føringar.

Handlingsprogrammet er eit strategidokument som viser kjerneverksemd, verdigrunnlag, visjon, utfordringar og strategiske mål.

Visjon kan definerast som ein overordna framtidig ønska tilstand/situasjon. Ei rettesnor som viser kva Hemsedal kommune vil vere, eller kva posisjon kommunen vil ha.

Hemsedal kommune sin visjon:

Ta vare på Hemsedal – vekst og utvikling bygd på natur, kultur og livskvalitet

For å nå målet skal menneska settast i sentrum for alle oppgåvane kommunen gjennomfører. Det skal takast vare på den særegne naturen og kulturen som pregar bygda og utvikle Hemsedal sitt mangfoldige næringsliv med vekt på reiseliv og landbruk.

Eit overordna mål for kommunen i 2019 er å vedta ny «Kommuneplan - samfunnsdel 2020-2030. Gjennom ny plan vert overordna mål og tiltak for samfunnsperspektiv fastsett.

2 DEFINISJONAR

Handlingsprogrammet beskriv strategiar og tiltak knytt til fire perspektiv:

- Samfunnsperspektivet tar for seg sektorovergripande og planlagt utviklinga i kommunen dei neste åra.
- Tenesteperspektivet beskriver strategiane for dei tenestene og oppgåvane som kommunen utfører overfor sine innbyggjarar og besøkande.
- Medarbeidarperspektivet viser kommunen sin politiske og administrative struktur og bygger på ein grunnleggande tanke om at de tilsette er kommuneorganisasjonen sin viktigaste ressurs.
- Økonomiperspektivet skisserer økonomiske rammer og mål som er gjeldande i økonomiplanperioden.

Mål eller målsetting er ein klart formulert tanke, ide eller intensjon om ein ønska framtidig tilstand eller sluttspunkt eit individ eller ein organisasjon planlegg å oppnå. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, mens plan, oppgåveløysning og strategi er framgangsmåten som brukast for å oppnå målet.

Strategi beskriver både kvar ein vil på lang sikt og korleis ein kjem dit. Strategi er målrealisering, det man tenker å gjøre for å oppnå måla.

Tiltak er ein eller fleire handlingar som skal gjere Hemsedal kommune i stand til å nå fastsette mål.

3 SAMFUNNSPERSPEKTIVET

Samfunnsperspektivet bygger på ei forståing av kommunen som samfunnsaktør som kan bidra til å utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønsker. Samfunnsperspektivet skisserer dei etatsovergripande strategiane som ligg til grunn for utvikling av lokalsamfunnet. I utarbeidingsa er kommuneplanen lagt til grunn, men det er også lagt inn sentrale føringar som har kome etter at kommuneplanen vart vedtatt i 2010.

Gjeldande og nye planar beskriv mål, strategiar og tiltak. Oversikta finn ein i gjeldande planstrategi. Ei ajourført oversikt finn ein her.

Ajourført planstrategi og planbehov 2016- 2019 (20)

PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKEN/UTARBEIDA	SAMORDNING			RULLERING- START			MERKNAD	ANSVAR
		KLI	B/U	FH	16	17	18		
Kommunal planstrategi	01.12.16	X	X	X	X			Rullerast kvart 4. år	Rådmann
Kommuneplan Samfunnssdel	03.06.10	X	X	X			X	Vurderast kvart 4. år – rullering start i 2018	Rådmann
Kommuneplan arealdel	08.12.11	X	X	X	X	X	X	Vurderast kvart 4. år – Arbeid i gang	Rådmann
Handlingsdel - Økonomiplan	20.12.16	X	X	X	X	X	X	Årlig rullering	Rådmann
Kommunedelplanar -tematiske									
Hovudplan for vatn-, og avlaup	25.09.18	X			X	X	X	Arbeid ferdigstilt sept.2018	Teknisk etat
Energi-, og Klimaplan 2012 - 2015	19.01.12	X			X	X	X	Arbeid i gang	Teknisk etat
Alkoholpolitisk handlingsplan			X	X	X				Helse sektor
Stig – og løypeplan 2015 - 2018	09.10.14		X	X			X	Rullering – må endrast til Kommunedelplan	Teknisk etat
Kulturminne-, og kulturmiljøplan	Ny			X			X	Planprogram vedteke –	Kultur /rådmann
Plan for idrett og fysisk aktivitet	14.12.17		X	X		X		Rullert	Kultur/rådmann
Beredskapsplanar									
Overordna beredskapsplan	Rev. 16.09.2016	X		X	X	X	X	Ajourhald - årlig	Rådmann
Reguleringsplanar									
Reguleringsplan Tuv I (gm. Plan)	10.11.1978	X	X	X		X	X		Teknisk etat- plan
Nye bustadfelt - BU7 (BU6)		X	X	X		X	X	BU7 prioritert i K-plannemnda	Teknisk etat- plan
Områdeplan Trøym		X	X	X	X	X	X	Arbeid i gang – felles plan - øst/vest	Teknisk etat- plan
Kommunale temaplanar									
Strategisk næringsplan 2016 -	18.06.15							Rullering i neste planperiode	Teknisk etat
Trafikktryggleiksplan	20.12.16	X	X	X	X			Vedteke	Teknisk etat
Bustadsosial handlingsplan	Ny	X	X	X			X	Ikke starta opp enno	Helse/ rådmann
Rusmiddel politisk plan inkl. handlingsdel.	Ny		X	X	X				Helse sektor
Helse, og omsorgsplan			X	X			X	Rullering	Helse sektor
Beitebruksplan – Landbruk	21.06.18				X	X	X	Vedteke	Teknisk etat - landbruk
Plan – overgang barnehage - skule			X	X			X	Rullering	Oppvekst sektor
Plan for rehabilitering og habilitering				X			X	Gamal – må reviderast. ikkje starta opp	Helse sektor
Plan for demens – rullering					X		X	Rullering	Helse sektor
Målbruksplan	Frå 2007						X	Rullering - ny	Oppvekst sektor

Samordning: Klima, Barn/ Unge og Folkehelse

3.1 Hemsedal som kultur og idrettskommune

Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre mangfoldet innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrett styrke kjensla av samhald og fellesskap i bygda.

Status og utfordringar

Hemsedal er ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv, og mange frivillige lag og organisasjonar. Idrett og friluftsliv saman med musikk, dans og andre kulturuttrykk skapar livskvalitet for innbyggjarar og tilreisande i alle aldrar.

Utfordringar

- Manglande avtaleverk som sikrar finansiering og opparbeiding av grøn infrastruktur, stigar og løypar, samt aktivitetsanlegg kb\nytt til framtidig sentrumsutvikling
- Manglande lågterskeltilbod innan friluftsliv og legge til rette for auka fysisk aktivitet hjå dei mest inaktive, særleg barn og ungdom. Særlig innanfor uorganisert aktivitet
- Nyte kultur i lokal stadsutvikling og omdømmearbeid
- Utvikle og finansiere idrettshall og symjeanlegg i Hemsedal kommune
Manglande avtaleverk og samhandlingsmodell mellom kommunen, dei frivillige, lag og organisasjonar
- Manglande oversikt og merksemrd i høve til å ta vare på kulturminner

Hovudmål

Hemsedal kommune skal:

- Ta vare på sin kulturelle identitet
- Ha gode vilkår for frivillige lag og organisasjonar
- Ta vare på kulturminne, gamle hus og bygningsmiljø
- Vera bevisst i val av stadnamn, fremje dialekt og formidle kunnskap om bygda på nye måtar
- Ha attraktive idretts- og aktivitetsanlegg
- Leggje til rette for at kulturen kan bli eit enda større fortrinn for bygda når det gjeld utvikling av spennande reiselivsprodukt
- Samarbeide med kyrkja om felles arrangement og for å femne om forskjellige kulturar

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Vidareutvikle samarbeid med reiselivet, lag og organisasjonar om synleggjering av idrett, store arrangement, kulturminne og kulturprosjekt
- Leggje til rette for eit tilbod med meiningsfylte aktivitetar for alle aldersgrupper, spesielt barn og unge
- Arbeide vidare med utvikling av idrettshall og bade/symje-anlegg i kommunen saman med idrettslag og andre aktuelle aktørar
- Arbeide for å ta vare på og synleggjere Hemsedal si historie på ulike måtar

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Utarbeide Kulturminneplan	x	x		
2.	Utarbeide partnarskapsavtaler med lag og organisasjonar		x		
3.	Sette i verk dialektfremjande tiltak i tråd med ny Målbruksplan	x	x	x	

3.2 Oppvekstmiljø – barn og unge

Hemsedal kommune skal ha eit trygt oppvekstmiljø, der kvar enkelt kan utvikle seg til eit sjølvstendig menneske, og rustast til å møte oppgåver i livet og meistre utfordringar saman med andre.

Status og utfordringar:

Ungdataundersøkinga 2017 viser at Hemsedal i hovudsak har eit godt oppvekstmiljø, med trygge rammer og variert tilbod både i organisert og uorganisert aktivitet. Likevel viser undersøkinga at for stor del av ungdommane er einsame, at ein stor prosent seier at dei skulkar skulen og at fleire er plaga med psykiske helseutfordringar. Dei viktigaste funna i undersøkinga viser følgjande:

- Ungdomskuleelevarane i Hemsedal trenar og deltek meir i organisert fritid samt har færre fysiske helseplager. 59% sa at dei nytta klubben mot 31% i landet
- 24% seier at dei er mykje plaga med depressive symptom, mot 15% i Noreg. «Alt er eit slit», «Hatt sovnproblem», «Følt meg trist eller deprimert», «Følt håplause med tanke på framtida», «Følt deg stiv eller spent» og «Bekymra deg for mye om ting»
- Andelen av elevar på skulen, som seier dei skulkar, er 40% mot 22% i landet. (Skulen rapporter om lite ugyldig fråvær)

Hovudmål

Hemsedal kommune skal:

- Leggje til rette for at ungdommen i bygda ser at lokalsamfunnet har bruk for dei og at dei får lyst til vere ein del av Hemsedal i framtida
- Bidra til at alle som veks opp i Hemsedal skal ha trygge rammer også utanom skule og barnehage
- Leggje til rette for at ungdommen i bygda gjennom ungdomsrådet får formidle meningar, råd og synspunkt til politisk hald
- Gje ungdommen god oppfølging rundt val av studiar og arbeid, slik at dei vert ein ressurs for arbeidsmarknaden i lokalsamfunnet

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Sørge for at barn og unge får et oppvekstmiljø der trygghet og trivsel blir sett høgt.
- Ha eit godt fritidstilbod
- Samordne tenester retta mot barn og unge saman med helse

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Betre koordineringa av lågterskeltilboda til barn og unge	x	x		
2.	Setje i verk tiltak jf. Ungdata	x		x	
3.	Innføre betre tverrfagleg innsats (BTI) som verktøy for tidleg innsats, betre samordna tenester, brukarmedverknad	x	x		x
4	Barnefattigdom	x			

3.3 Helse, velferd, omsorg


I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meinung og livsglede.

Status og utfordringar:

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet for alle som har behov for helse og omsorgstenester uansett omfang, alder og diagnose. Hemsedal scorar høgt på levekårstatistikkar og brukarane opplever at dei får dekt dei grunnleggjande behova for helse- velferds- og omsorgstenester. Kommunen har høg fagdekning og stabil arbeidskraft innan helse, velferd og omsorg, men likevel er det mange framtidige utfordringar:

- Det blir fleire eldre i høve til innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Dette gir mangel på heildøgns omsorgsplassar, avlastnings- og dagsenterplassar. I tillegg betyr det at behov for kompetanse aukar, og at det blir eit auka press på heimetenestene
- Det blir fleire personar med demens. Det er ein generell auking i psykiske lidinger i befolkninga, og det blir fleire personar med meir samansette og alvorlege lidinger
- Ein forventar auka behov for tenester til personar som ikkje er fastbuande
- Tenesta må effektiviserast, ein må sjå på nye måtar å nytte ressursane godt på. Vi må ha fokus på førebyggjande helsehjelp, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og interkommunalt samarbeid

Auke i tenestebehov for personar + 80 basert på låg vekst (SSB) og same dekningsgrad som i dag. 18,4 % av 80+ på sjukeheim og 30% av 80+ har behov for heimeteneste. (Heimeteneste raud-, og sjukeheim blå graf.)



Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

1. Sikre at dei som bur og oppheldt seg i kommunen får tilstrekkelig hjelp og støtte ved sjukdom, skade og funksjonsnedsetting
2. Arbeide for at behovet for helseteneste blir effektivisert ved å fokusere på folkehelse og førebygging, ved å innføre ny teknologi og nye måtar å arbeide på og ved godt samarbeid med nabokommunar og sjukehuset

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Kommunen skal ha stor grad av medverknad for å utløyse dei ressursane som ligg hjå brukarane sjølv og deira pårørande, nettverk og lokalmiljø
- Arbeide for at behovet for bemanna omsorgsbustader, sjukeheimsplasser og andre helsebygg vert dekt i takt med at fleire pasientar skal behandlast i kommunen, og at talet på eldre aukar
- Redusere behovet for helsetenester ved å ta i bruk ny teknologi, drive førebyggande arbeid og utstrakt samarbeid med andre kommunar i Hallingdal

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Utvikle eit tettare samarbeid med Frivillighetssentralen og oppvekst	x			
2.	Innføre velferdsteknologi og andre måtar å jobbe på.	x	x	x	x
3.	Utarbeide ein plan for utvikling og investering i bygg til ulike formål. Arbeidet skal omfatte behov for omsorgsplassar og anna tenesteyting, samt administrasjonslokale, men også utnytting av eksisterande bygg	x	x		
4.	Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan.		x		

3.4 Bustadsutvikling

I Hemsedal vil me at alle som bur, eller ynskjer å bu skal finne attraktive, varierte og tenlege butilbod.

Status og utfordringar:

Framskrivninga av folketalet i SSB sine prognosar for middels vekst syner at ein fram mot år 2030 kan forvente eit folketal på 3200. I framlegg til ny arealdel er det rekna med eit behov for om lag 200 nye husvære i perioden 2018-2030, eit snitt på om lag 16 pr. år. Kommunen har hausten 2018 4 einebustadtomter på Fiskum og 2 fleirmannstomter med potensial for 8 bueiningar, til saman 12 bueiningar. På Svø er det 6 einebustadtomter og 4 tomter med potensial for til saman 8 bueiningar, samla 14 bueiningar. I tillegg finn ei tomtepoteinsiale i kommuneplanen «spreidd». Det er knapphet på sentrumsnære bustadareal. Av omsyn til transport og miljø, men og press på sentrumsnær matjord må ein vurdere meir konsentrert utbygging, anna byggjeskikk, og auka utnyttingsgrad.

Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

- Ha eigna areal til både bustadomter og meir konsentrert utbygging, frå tomannsbustader til leilegheitsbygg i dei tre bygdesentra, Tuv, Trøym og Ulsåk
- Ha større bustadomter utanfor bygdesentra (5-6 daa)
- Ha ein utbyggingspolitikk der områder med bustader for fast busette er skilt i størst mogleg grad frå områder for fritidsbustader
- At bustadhús skal vere busett av fastbuande
- At fråflytta landbrukseigedomar får fast busetnad (Lys i alle glas)
- Legge til rette for eldre-bo med nær avstand til sentrumsfunksjonane
- Legge til rette areal for gjennomgangsbustader og for tenlege husvære for sesongarbeidarar

Strategiar**Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:**

- Sikre at kommunen har attraktive areal for framtidig bustadbygging både i tettstadene og for spreidd bustadbygging, i minst konflikt med landbruk og kulturlandskap
- Kjøpe areal for bustadbygging sentrumsnært i Trøym, slik at kommunen til ei kvar tid har tomter for sal
- Handheve til ei kvar tid gjeldande bupliktreglar, og unngå at det vert turistutleige i bustadfelt.
- Regulere tettstadene slik at mindre husvære og konsentrert utbygging vert stimulert
- Legge tilhøva til rette for endringar i bustadformer ved aukande alder også i form av tilrettelagde bustader for funksjonshemma, og bustader for spesielle grupper (sesongarbeidarar, eldre, unge m.m.)

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Regulere og etappevis opparbeide bustadfeltet - BU7 (alt. BU6)	x	x	x	
2.	Ferdigstille reguleringsplan for Tuv sentrum	x			
3.	Utfordre næringa på realisering av sesongarbeidarbustad	x	x		
4.	«Stimulere» realisering av nytt privat bustadfelt, «Rudningen»	x			
5.	Ta stikkprøvekontroll av at buplikt vert ivaretake i regulerte felt	x		x	

3.5 Utbygging

I Hemsedal vil me ha ein bevisst utbyggingspolitikk som tek omsyn til bærekraft, miljø og framtidige generasjonar.

Status og utfordringar:

Hemsedal har press på areal og utfordringar i høve byggbare areal. Utbyggingspolitikken dei siste ti åra, har vore å legge til rette for ei utvikling i skisenteret, baseområdet med ei samanbinding til Trøym sentrum. Kommunen har ein politikk for senger i næring i «kjerneområda», - mellom Trøym sentrum og Holdebakken/ Skarsnuten/Tinden, der ein i hovudsak har sagt at 70 % av sengene skal vere i utleige (varme). Balansen mellom å sikre utvikling for ei konkurranseutsett alpinnaering samt bevare identitet og urørt natur er krevjande. Det er knapphet på ledig industriareal, sjølv om areal er sikra i overordna planar. Godt planverktøy med klare føresegner som og sikrar ønskja vekst er ei utfordring. Grunnleggjande infrastruktur må vere på plass før utbygging tek til.

Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

- Ha attraktive bu- og nærmiljø med nærleik til skule, barnehage, idrett- og aktivitetstilbod
- Sikre at det er eit sunt forhold mellom utbygging av overnatting, service og aktivitetstilbod
- Langsiktig arealforvaltning for pressområda ved å sikre restareal for framtidig behov
- Konsentrere den tyngre reiselivsutbygginga til sentrale område
- Sørge for at jordbruksarealet ikkje vert vesentleg redusert som følgje av utbygging
- Skjerme større samanhengane natur- og landbruksområde, slik som nordsida av dalen Høgeloft- Skogshorn
- Ha ein utbyggingspolitikk som tek omsyn til estetikk, terrengtilpassing og kulturlandskap
- Sørge for at det offentlege rom i tettstadsområda vert gjort tilgjengeleg for alle
- Vektlegge behovet for grøne korridorar, stigar og løyper

Strategiar

- Sikre at reguleringsføremål i utbyggingsområder vert nytta i tråd med arealføremål
- Sette krav om "ski inn- ski ut", samt stimulere opplevingsbasert infrastruktur ved regulering
- Ressursutnytting gjennom «aktive lokalsamfunn»
- Gjennom planstrategiar, planvedtak og enkeltsaker sikre god estetisk utforming av all utbygging, der både kulturlandskap, eksisterande bygningar og terrenget vert teke omsyn til, og bevare mest mogeleg dyrka mark, også i sentrumsnære pressområder

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Følgje opp intensjonen i «senger i næring» i aksen Trøym sentrum – Holdebakken/ Skarsnuten/ Tinden	x	x	x	x
2.	Etablere ein «områdemodell» som sikrar finansiering av «infrastruktur/ grøn infrastruktur» i Trøym sentrum – Holdebakken.	x			
3.	Greie ut alternativ drikkevasskjelde for mogeleg utvikling i Røggjelia	x			
4.	Etablere og utvikle ein modell for «aktive lokalsamfunn» der ansvar frå «kommunalt» til «lokale» vert tydeleggjort, og forventningsavklaring formalisert	x	x		

3.6 Næringsutvikling

I Hemsedal vil me dyrke eit nyskapande næringsliv. Hemsedal er staden der fjellfolk møtes – ein attraktiv kommune å etablere og drive verksemd i.

Status og utfordringar:

Reiseliv og landbruk er hovudnæringane i bygda. Reiseliv har hatt ei vekst i volum og lønnsemd, men må fastsette nye strategiar for å sikre konkurransekraft. Landbruket står ovafor dei største utfordringar i høve rekruttering og framtidstru. Utviklinga har gått mot større einingar og samdrift, medan familiebruka har blitt færre. Attgroing av kulturlandskapet er aukande. Knoppskyting og vekst i nye næringar er god, men har større potensial. Det vert jobba med ulike prosjekt og aktiviteter som fremjar heilårsarbeidsplassar, anten kunnskapsbasert slik som Hemsedal Veksthus, eller nye sommaraktiviteter innan sykkel, vandring og oppleveling.

Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

- Bidra til heilårsarbeidsplassar innanfor turisme, kultur- og kunnskapsnæringar.
- Sikre nødvendig areal med omsyn til utvikling av alpinproduktet og reiselivsarealet på sørsida av Hemsila/ Mørkedøla til Lauvdøla
- Hegne om dyrka mark og eit aktivt landbruk, som grunnlag for produksjon av mat av høg kvalitet og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar
- Ha varierte og gode arbeidsplassar og gode handels- og servicetilbod

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Ha god kontakt med, og kunnskap om næringslivet i Hemsedal gjennom aktivt næringsarbeid og nettverksbygging. Bidra til regionalt samarbeid
- Vere ein døropnar for offentlege støtteordningar, retta mot lokalt næringsliv
- Stimulere til nyetablering og knoppskyting i etablerte verksemder. Kultur- og kunnskapsbasert næring er særskilte satsingsområde
- Vere ein pådrivar for kunnskapsutvikling innan næringslivet for å sikre framtidig kompetanse og rekruttering

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Avklare med grunneigar og regulere næringsareal Brendehaugen/Svø	x	x		
2.	Følgje opp «masterplan sykkel» og arbeid med å sikre finansiering av naudsynte investeringar jf. framlegg til ny arealdel	x			
3.	Identifisere indikatorar for tilflytting, og systematisere desse til komplementære «produktpakkar» - jobb – bustad – barnehage- kultur	x			
4.	Avklare kommunen sin rolle og ressursbruk i høve regionalt forprosjekt «Hallingdal Innovasjon», og Etablerersenteret samt utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap.	x			
5.	Delta i næringa sitt strategi- og omdømmearbeid med mål om ein felles merkevareplattform for Hemsedal	x			

3.7 Miljø

I Hemsedal vil me at miljøet skal takast vare på slik at landskapet og naturverdiane kan vidareførast til neste generasjon utan tap.

Status og utfordringar:

Hemsedal kommune har store fjellområde, opent og levande kulturlandskap, viktige våtmarksområde, vatn og vassdrag. Dette er kvalitetar som har ein eigenverdi, men som også betyr mykje for fastbuande så vel som tilreisande. Faktorar som kan truge natur- og miljøverdiane er forureining og tyngre inngrep i form av nye vegsystem- og spreidd fritidsbustadutbygging. Hemsedal som vekstkommune identifiserer fleire målkonfliktar mellom vekst og «berekrift».

Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

- Bevare dei urørte landskapsområda i tillegg til kulturlandskapet og biologisk mangfald.
- Unngå inngrep i fjellområda som ligg over skoggrensa
- La fjellområda frå Skogshorn til Høgeloft ligge som i dag
- Arbeide for å redusere klimagassutsleppa. Innan 2021 skal kommunen ha redusert samla klimagassutslepp med 20 % i høve 2009-tal, korrigert for innbyggjartal
- Sørge for at all utbygging i Hemsedal skal vere miljøvennleg med omsyn til materialbruk, klimatilpassing, energibruk og avfallshandtering
- Ha fokus på avfallshandtering og forsøpling
- Ta omsyn til vatn og vassdrag og det tilhørande biologiske mangfaldet ved utbygging og i forureiningssaker.

Strategiar**Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:**

- Auke kunnskapsgrunnlaget i høve kultur- og biologisk mangfald som kvalitet for fastbuande og turistar
- Arbeide for at fleire bedrifter/føretak i kommunen vert miljøfyrtårn sertifisert
- Identifisere samarbeidstiltak mellom næring, lag/ organisasjonar, innbyggjarar og kommune som støtter opp under Hemsedal sin miljøprofil
- Ha ein aktiv beredskap og sikre ressursar som hindrar forureining

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Kartlegge (innbyggjar-/brukarundersøking) viktige kultur-/miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn for framtidige areal- og utbyggingsplanar, inkl. arbeid med ny samfunnsdel	x			
2.	Gjennomføre min. to fellesmøter med næringa som ledd i løpende miljøleiing/ klimaråd leia av ordførar	x	x	x	x

3.8 Samferdsel og kommunikasjon

I Hemsedal vil me ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane i kommunen.

Status og utfordringar:

God infrastruktur, transport og kommunikasjon er ein føresetnad for utvikling av ei distrikts- og turistkommune som Hemsedal. Trafikken på RV 52 gjennom kommunen har hatt ei sterk auke dei siste 10 åra. Hovudårsaka til dette er:

- Ein større del av aust-vest trafikken (spesielt tungtrafikk) vel Rv52.
- Hemsedal har fått ein større marknadsdel frå Vestlandet

Kombinasjon av ein aukande turisttrafikk og auke i tungtrafikken gjer at denne ferdelsåra er ei utfordring, ikkje minst i høve til trafikktryggleik. Etter Rv52 er det berre strekninga Ulsåk-Trøym som har gang- og sykkelveg. Skibuss, som er eit gratis tilbod mellom tettstadene og skisenteret, har redusert den interne trafikken, og er eit godt kollektivtilbod for både fastbuande og turistar i skisesongen. Mot omverda er det viktig å utvikle eit veg- og jernbanenett både i høve til standard og reisetid mot aust og vest, som gjer at Hemsedal ikkje tapar konkurransekraft. Det er tilrettelagt for breiband i store delar av kommunen, men ikkje alle har dette tilbodet.

Hovudmål

Hemsedal kommune skal:

- Arbeide for utvikling av effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane sine behov for transport og kommunikasjon
- Utvikle eit utvida kollektivtilbod i Hemsedal i samarbeid med reiselivsnæringa
- Saman med resten av Hallingdal arbeide for eit best mogeleg kollektivtilbod til/frå Hallingdal/Hemsedal
- Ha gangveg mellom Trøim sentrum og Venås bru

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Syte for at kommunale vegar har god standard
- Bidra til at innbyggjarar, næringsliv og turistar har gode breibandtilbod
- Leggje til rette for at utbygging i sentrale områder skapar minst mogeleg intern biltrafikk

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Gjennomføre ei kartlegging, og prioritering av korleis fiber og breiband i grenlene vert fremjast – underlag for regionale søknader om statlege prosjekt/- programtilskot	x			
2.	Arbeide for ei generell standardheving av Rv7/Rv52, i tillegg til prioriterte investeringstiltak. Arbeide for opprusting av Bergensbanen og realisering av Ringeriksbanen	x	x	x	x
3	Mobilisering – jobbe gjennom alle kanalar for å få godt frå veg til bane	x	x		

3.9 Samfunnssikkerheit og beredskap

I Hemsedal skal det vera trygt samfunn for alle som bur, oppholdt seg, har sitt virke i eller har eigedom her.

Status og utfordringar:

Hemsedal kommune arbeider aktivt og målbevisst med å førebygge uønska hendingar, redusere risiko og redusere skadeverknader dersom uønska hendingar inntreff. Kommunen har oppdaterte beredskapsplaner, har godt samarbeid med redningsetatar og andre eksterne aktørar ved kriser, og vi har øving og tilsyn regelmessig.

Hovudmål

Hemsedal kommune skal:

- Vere eit trygt og robust samfunn
- Vere godt førebudd på å takle uynskte hendingar og krisesituasjonar

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar:

- Ha eit oppdatert og relevant beredskapsplanverk
- Bruke risiko- og sårbarheitsanalyse som verktøy i planlegging
- Vektleggje førebyggande og skadereduserande tiltak i all planlegging

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Halde planverk oppdatert	x	x	x	x
2.	Gjennomføre beredskapsøvingar	x	x	x	x

4 TENESTEPERSPEKTIVET

Tenesteperspektivet beskriv dei daglege oppgåvane og tenestene som kommunen utfører for kommunen sine innbyggjarar og besøkande. Hemsedal kommune skal legge til rette for at den enkelte innbyggjar skal få dei tenestene dei har krav på når dei treng det. Kommunen ønsker å gje tenester med god kvalitet og ein forvaltning som er effektiv, brukarorientert og serviceinnstilt.

4.1 Kultur og oppvekst

Status og utfordringar:

Barnehagetilbodet dekker etterspørsla med ein liten margin for høve til utviding. Behov for barnehageplassar varierer frå år til år, men stabile høge fødselstal siste åra, tilflytting og vedtak om sikra barnehageplass gjer at vi heile tida må ha oppdatert informasjon om barnetal i høve disponibelt areal. Grunnskulen i Hemsedal har starta endringsprosessen som skal føre til at tre skular blir til ein. Organisasjonen i den nye skulen er fastsett. Arbeidet fram mot ein organisasjon er prioritert fram til den nye skulen står ferdig. Søknad om støtte frå Veilederkorpset (U-dir. og Fylkesmannen) er svært aktuelt.

Utfordringane forutan dei som høyrer til byggeprosess og organisering, er å få fleire elever med godt utbytte av undervisninga innanfor tilpassa opplæring og setje inn effektive tiltak for å få behovet for spesialundervisning ned. Både innanfor barnehage og skule arbeider vi for at barn og unge skal vekse opp utan mobbing og utestenging.

Hovudmål

Hemsedal kommune skal:

- Ha barnehageplass og SFO til alle som treng dette
- Ha ein barnehage og skule/SFO som er ein trygg og god plass for læring og utvikling
- Ha eit velfungerande skulebibliotek og folkebibliotek med møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling der ein også legg til rette for studie
- Ha ein aktiv fritidsklubb i mobbefritt miljø der ungdomane skal utvikle gode vennskap
- Tilby plass ved kulturskulen for alle som ynskjer det

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar innanfor desse tenesteområda:

Barnehagane

- Bidra til at kvart enkelt barn skal kunne utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Samarbeide med ulike aktørar for å bidra til at barnehagebarn får eit rikt kulturtild
- Utvikle inkluderande læringsmiljø i barnehagane

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Gjennomføre utviklingsarbeidet Inkluderande barnehage- og skulemiljø, under dette kartlegge at alle barn har ein venn, auke kompetansen rundt avdekking og tiltak mot mobbing, og bruke rettleiing som metode for utvikling av personalet	x	x		

Skulane

- Medverke til at alle unge gjennomfører eit 13-årig utdanningsløp
- Bidra til at kvar enkelt elev skal kunne utvikle seg i høve til sitt potensiale
- Samarbeide med kulturavdelinga og kulturskulen for å bidra til at elevar får eit rikt kulturtilbod
- Vidareutvikle SFO-tilbodet ved skulane

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Gjennomføre utviklingsarbeidet Inkluderande barnehage- og skulemiljø under dette kartlegge elevane sitt sosiale nettverk, auke kompetansen rundt avdekking og tiltak mot mobbing og utestenging. Bruke rettleiing som metode for utvikling av personalet.	x	x		
2.	Avslutte og evaluere samarbeidet mellom vidaregåande, grunnskulerektorar, PPT og skulefagleg ansvarlege	x	x		
3.	Ferdigstille 1. utgåve av Språk- og leseplan for 1.-10. trinn	x			
4.	Vidareføre arbeid med pedagogisk og adm. samanslåing av skulane	x	x	x	

Kulturskulen:

- Tilby plass ved kulturskulen med eit variert tilbod
- Tilpassa arealet etter aukande elevgrunnlag til øvingsrom

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Ha eit kulturskuletilbod der alle skal få minst eitt tilbod	x	x		
2.	Utarbeide ein plan for arealbehovet til kulturskulen i framtida	x			

Biblioteket

Biblioteket skal tilby tradisjonelle og framtidsretta biblioteknester og styrke biblioteket som møteplass for kulturelt mangfold

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Utvikle ein plan for korleis biblioteket kan vera med å skape leseglede	x	x		x
2.	Legge til rette for fjernstudiar frå Hemsedal	x	x		

4.2 Helse – og omsorgsetaten**Status og utfordringar****Lokalitetar:**

Helse og omsorg har store utfordringar når det gjeld lokale innanfor omsorgsbustader og kontor. Det er venteliste på Bygdaheimen og på omsorgsbustader. Lokala til psykisk helse tilfredsstiller ikkje krava til anonymitet og helsestasjonen manglar eit kontor.

Tenesteyting:

Fleire personer med samansette lidingar, fleire demente og fleire med psykiske lidingar, fokus førebyggjande. Større krav til kompetanse og tal på personar i tenesta. Behov for større tverrfagleg innsats.

Personell:

Det er vanskeleg å rekruttere bla sjukepleiarar. Det blir stadig fleire brukarar med utfordrande åtferd. Dette skapar utryggheit både blant bebruarane og personalet.

Hovudmål**Hemsedal kommune skal:**

- Sikre at dei som bur og oppheld seg i kommunen får tilstrekkeleg hjelp og støtte ved sjukdom, skade og funksjonsnedsetting
- Arbeide for at behovet for helseteneste blir redusert, ved større førebyggande innsats

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar innanfor desse tenesteområda:

Helse for barn og unge

Vidareutvikle psykisk helseteneste til barn og ungdom i samarbeid med andre avdelingar i kommunen.

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Styrke kompetanse i tverrfaglege team saman med oppvekst	x	x	x	x
2.	Vidareutvikle bruk av samtykke og teieplikt, for å styrke samarbeidet mellom helsetenesta, og i samhandling med oppvekst	x		x	
2.	Synleggjere ansvarsområda til helsestasjonen og psykisk helse gjennom bruk av BTI	x		x	
3.	Styrke behandlingstilbodet til barn og unge med lette til moderate psykiske vanskar. (Jf. prioriteringsveileder til BUP)	x			
4.	Utvikle tiltak retta mot levekårsutsette barn. (med prosjektmidlar)	x	x		

Omsorgstenesta

Omsorgstenesta omfattar fysisk og psykisk tenester til heimebuande og til dei som bur på institusjon

- Sørge for at alle som oppheld seg i kommunen får naudsynte, forsvarlege og gode helsetenester i høve til eige behov
- Bidra til at innbyggjarar i kommunen kan bu i eigen bustad så lenge det er forsvarleg og hensiktsmessig
- Bruke heimebaserte tenester som basistilbodet i omsorgstenestene

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Vurdere korleis ein løyser behovet for sjukeheimslassar og omsorgsbustadar for kort sikt	x	x		
2.	Innføre velferdsteknologi og vidareføre kvardagsrehabilitering	x	x	x	x
3.	Oppstart av dagsenter (lovpålagt frå 2020)		x		
4.	Vurdere auke grunnbemanninga i omsorgstenestene, slik at fleire kan bu heime lengre		x		

Psykisk helse/rusomsorg

- Utvikle miljøterapeutiske lågterskeltilbod for å førebyggje psykiske lidingar
- Syte for tilstrekkelig kompetanse og kapasitet på psykisk helse innan den samla helse- og omsorgstenesta
- Styrke interkommunalt samarbeid på psykisk helse og rusomsorg i Hallingdal
- Styrke fokus på brukarmedverknad i utforming av tenestetilbodet

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Vidareutvikle sosiale treningsarenaer	x	x	x	x
2.	Utgrei mogleiheit for interkommunalt samarbeid om bustadar for rus og psykiatri. Kartlegge behovet i bustadsosial handlingsplan	x	x		
3.	Gjennomføre kurs i psykoedukativt familiesamarbeid i regi av Vestre Viken, samt implementere dette i organisasjonen. (opplæring i egen eller pårørande si diagnose)	x	x		
4.	Innføring av FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken. Ein samarbeidsmodell for stabilisering og behandling av alvorlege, samansette og langvarige lidingar	x	x	x	
5.	Opprette ei psykologstilling (dele med Gol kommune) Lovpålagt frå 2020.	x	x		

Legetenesta

- Koordinere tenestetilbodet i heile helse- og omsorgstenesta, både i høve til førebygging, behandling og rehabilitering

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Etablere legetenesta som ei kommunal teneste og vidareutvikle samhandlinga med reisten av kommunehelsetenesta	x			

Fysioterapi- og ergoterapi

- Tilpasser ressurstilgang og nivå på tenestene til brukarane sine behov
- Bidra til at brukarane får høve til å ta vare på eiga helse og mestre kvardagen

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Opprette ei ergoterapeutstilling, lovpalagt 2020		x		
2.	Utvikle eit funksjonelt hjelpemiddellokale i tilknyting til Bygdaheimen				x

Bråtenjordet

- Tilby bustad og tenester til alle med behov for samansette miljøterapitenester
- Samle tenestene i attraktive bufelleskap for å ivareta tryggleik og sosiale behov hjå brukarane

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Løyse ei akutt teneste- og bustadutfordring for ein brukar	x			
2.	Opprette bustadar til personar med samansette behov		x	x	

Koordinerande eining (KE)

- Auke samhandlinga innan habilitering og rehabilitering for menneske i alle aldrar
- Vidareutvikle dagaktivitetstilbod og sysselsetting for personar med utviklingshemming og andre brukargrupper i samarbeid med aktuelle instansar
- Tidleg innsats og koordinering for barn og unge med funksjonsnedsetting og åtferdsutfordring
- Vera ein sentral aktør i kommunen sitt regionale og lokale lærings- og meistringsarbeid

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Betre aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming	x			
2.	Bygge opp eit avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokaliteter for åtferdsvanskar	x			
3.	Delta i innovative rehabiliteringsprosjekt via Hallinghelse	x	x	x	x
4.	Utforme anbodsdocument velferdsteknologi Hallinghelse	x	x		

NAV /FLYKTNINGTENESTE

- Arbeide for å få fleire i arbeid og aktivitet

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Lage ein plan for korleis vi skal integrere flyktningane og få dei ut i arbeid eller som annen bidragsytar i lokalsamfunnet	x			x
2.	Betre samhandling med læringssenteret ved å ha større fokus på arbeid tidleg i programmet. Evaluere etter kort	x		x	
3.	Kartlegge moglege språk- og arbeidstreningsplassar innanfor avdelingane i Hemsedal kommune	x		x	

4.3 Teknisk etat

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekke forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområder.

Status og utfordringar:

- Balansere etaten sitt forvalnings- og tenestetilbod ifht nasjonale og lokale forventingar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt
- Halde på, rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområder
- Følgje opp kommunale investeringsplaner frå prosjektering, til gjennomføring i forhold til bemanning og ressurstilgang
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområder som ledd i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse

Auke i innbyggjartal, bustader, hytter og næringsbygg, og ikkje minst planer for vidare utvikling, sett krav til auka ressursar, men og innovative måtar å drive forvaltning på. Ressurskrevjande grunnervervsprosessar saman med etterslep på forvaltningsoppgåver (investering/ drift, kontroll/ tilsyn), er krevjande. Etaten har høg kompetanse, men mykje av kompetansen er konkurranseutsett. Det er difor viktig å utvikle organisasjonen på ein måte som skapar trivsel og sterke kompetansenettverk.

Hovudmål:

Synleggjere, og jobbe for ein meir realistisk samanheng mellom overordna mål i lokale og regionale planar, og etaten sin faktiske evne til å gjennomføre tiltak innan tenesteområda.

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar og tiltak innanfor desse tenesteområda:

Eigedom

- Årleg rullering av «Plan for vedlikehald og investering av eigedomsmasse» som inneholder plan for vedlikehald, sanering/sal/ eller omdisponering av eigedommar.

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Gjennomføre investering og drift i tråd med FDV-dokument. Deldokument til handlings og økonomiplan.	x	x	x	x

Renovasjon, vatn- og avlaup

- Følgje opp vedtekne kommunedelplanar for vassforsyning og avlaupsnett i høve mål og tiltak.
- Ta i bruk ny teknologi for å effektivisere drift og vedlikehald av VA.
- Følgje opp vedteken avfallsplan for Hallingdal Renovasjon

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Vedlikehald og investering av vatn og avlaupsnett i Hemsedal kommune ihht hovudplan for vatn og avlaup	x	x	x	x
2.	Nytt anlegg for kjemisk reining av membranar for Ulsåk Reinseanlegg – erstattar manuell reining, og mogeleg helsemessig risiko	x			
3.	Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	x			
4.	Nytt avlaupsreinseanlegg på Tuv – erstatte det gamle, prosjektering i 2019, gjennomføring i 2020-2021	x	x	x	
5.	Rehabilitering av leidningsnettet i Haugavegen, Tunvegen og Trøymsvegen - sjåast i samanheng med skuleutbygginga			x	x
6.	Utviking av Holdebakken høgdebasseng – for å kunne levere nok vatn, samt erstatning av vassledning mellom Rådyrlia og Holdebakken	x	x		
7.	Utviking av returpunkt Holdebakken i tråd med nye behov, samt inngå grunneigaravtaler for eventuelt utviking av kontainerplassar	x			

Veg

Etablere hovedplan for kommunale veger som grunnlag for framtidig prioritering av tiltak, drift og investering

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Avklare framtidig drift/eigarskap – etablering av veglag «Panorama-vegen» - fra Engebretsgard til kommunegrensa, jf. K-sak 82/17	x			
2.	Etablere avtale om kostnadsdeling med utbyggjar av BU9 for opprusting opp Øynevegen jf. rekkjefølgjekrav i reg.plan for BU9	x			
3.	Asfaltering av vegen i Fiskum og Svøl I/II med fartshumper	x	x		
4.	Etablering ny g/s-veg langs Kyrkjebøvegen samt nytt kryss mellom Kyrkjebøvegen og Skadvinvn, jf. ny sentralskule		x	x	
5.	Utskifting av veglys – erstatte kvikksølv-damp pærer med LED-armatur	x	x	x	x
6.	Gjennomføre sikringstiltak på gml.Venås bru etter overtaking	x			
7.	Reforhandling av nye brøytekontrakter på nye anlegg kommunen får ansvar for ref. g/s-veg Holdebakken Tuv og Lauparvegen	x			
8.	Gjennomføre uavhengig brukkontroll på gangbru ved Tuv vassverk, og hengebrua ved Rjukandefossen	x			
9.	Gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen for etablering av g/s-veg langs RV-52 - Trøym – Holdebakken for realisering av BU7	x	x		

Matrikkel-, plan og byggjesak

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Etablere, og rullere strategi for tilsyn 2019-2022
- Rullerande planstrategi for å sikre samanheng mellom politisk forventningar og realistiske mål
- Stimulere tverrfagleg samarbeid i planprosess for å sikre ønskja og føreseieleg føresegner

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Halde ajour adresseringsprosjekt i tråd med Kartverket sine mål	x			
2.	Etablere møteplass for utbyggjarar, handverkarar, private planleggjarar og entreprenørar for informasjon, kunnskapsdeling innan relevante fagområder	x	x	x	x
3.	«Matrikkelvask», i samband med innføring av generell eigedomskatt	x			
4.	«Mindre vesentleg endring» - oppdatere eldre reguleringsplanar Trøym sør, og Trøym sentrum, for å sikre føreseieleg byggjesaksbehandling, nok friareal/ leikeareal og mogeleggjere fortetting	x	x		
5.	Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggjesak og ulovleg byggearbeid	x			
6.	Gjennomføre prosjekt – «Interkommunalt VA-kontor» basert på vertskommunesamarbeid, for behandling av søknadar om spreidd avløp, plan og tilsyn jf. regional plan for vassforvaltning.	x	x		

Landbruk, miljø og næring

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid i Hallingdal
- Følgje opp tiltak i næringsplan og Energi- og klimaplan

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Ferdigstille erosjonssikring og oppgradering av Skogshornstigen.	x			
2.	I samarbeid med næringsliv, lag og organisasjoner etablere ein driftsmodell som, fjerner eigarlaust søppel, og sikrar reine vassdrag i sentrum	x	x	x	x
3.	Bidra til ein driftsmodell for «Bruøyne friluftsområde»	x			
4.	Gjennomføre fellesmøter om beitelovgjeving, rettar og plikter, samt fokus på rekruttering innan landbruket jf. landbruks- og beitebruksplan	x	x		
5.	Stimulere til at vekstklynger som «Hemsedal Veksthus», o.l trekk til seg gründerverksemder og investeringskapital	x			
6.	Støtte og stimulere småskalaprodusentar	x	x	x	x
7.	Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal	x	x		
8.	Vere ein pådrivar for oppstart av «Bachelor utdanning reiseliv»	x	x		
9.	Oppretthalde talet på miljøfyrtaårnverksemder, og stimulere til minst to nye «Miljøfyrtaårnverksemder» i året	x			
10.	Bistå Hemsedal Idrettslag med etablering av gangbru, og turvegnett for mjuke trafikkantar som tillegg til bidrag frå næringslivet	x	x		

5. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Dette kapitlet beskriv korleis ein skal utvikla organisasjonen og medarbeidarane. Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er lagt til grunn, i tillegg til at nokre sentrale føringer er teke med.

Status og utfordringar

Kommunesektoren si største utfordring dei neste åra er kampen om arbeidskrafta. Identitet og omdømme får stadig større fokus og kommunen må ta dette på alvor. Hemsedal kommune har ein god organisasjonskultur, med kompetente og fleksible medarbeidarar der dei tilsette er flinke til å ta vare på kvarandre. Dette gir god trivsel og bidrar til at dei tilsette ofte blir lenge i stillingane. Likevel har kommunen vore gjennom nokre vanskelege år, og vi har derfor nokre utfordringar på medarbeidarsida. God leiing og ein god arbeidsgjevarpolitikk er viktig for viktig for vårt omdømme og for at dei tilsette skal føle seg sett og ivaretatt.

Strategiar

Hemsedal kommune vil i den neste 4 årsperioden prioritere følgande strategiar og tiltak:

- Etikk og samfunnsansvar
- Politikk og administrasjon
- RAUS og helsefremmende arbeidsplass
- Leiing, tilsette og ombodsroller

1. Etikk og samfunnsansvar

Kommunen skal ha høg etisk kompetanse for å stå fram som ein heilskapleg, open, trygg, rettferdig og imøtekommande kommune. Kommunen skal inkludere sosiale og miljømessige omsyn i sin daglige drift, og skape gode verdiar og ta omsyn til menneske, miljø og samfunn.


	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Oppfylle krav i EUs Personvernforordning. Gjennomføre krav knytt til GDPR (General Data Protection Regulation)	x			
2.	Følgje opp rutinar for å redusere og hindre vald og truslar mot tilsette.	x	x	x	x
3.	Rullere kommunen sine etiske retningslinjer	x			

2. Politikk og administrasjon

Det er viktig med god dialog og god samhandling for å oppnå gode resultat. Politikarar og administrasjonen har ulike roller. Samhandling må basere seg på tillit og respekt mellom partane. Samhandling gir gode løysingar, effektivitet, kvalitet og ein utviklende organisasjon.

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Gjennom folkevaldopplæring og årlege felles møte ha fokus på kommunens arbeidsgjevarstrategi for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	x	x	x	x
2.	Vedta og ta i bruk eit årshjul som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	x			

Årshjul Hemsedal kommune Samhandling Politikk/Administrasjon



3. RAUS og helsefremmende arbeidsplass

Hemsedal kommune skal vere ein endringsvillig og utviklingsorientert, RAUS og helsefremmende organisasjon. I dette legg vi at kommunen skal være ein arbeidsplass der det er gode relasjoner prega av smil, humør, engasjement, trivsel og arbeidsglede. Vi ønskjer eit arbeidsmiljø der vi pratar med kvarandre, har omsorg og gjer kvarandre gode. Vi har felles mål og verdiar, tydelege rammevilkår og gode prosedyrar slik at vi alle kan ta ansvar for å nå felles mål. I tillegg vil vi ha ein helsefremmende arbeidsplass der ein opplever meistring, der det er mogeleg å utvikle seg og der det blir tatt omsyn til forskjellig livsfasar

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Styrke AMU sitt arbeid gjennom felles HMS dagar og større fokus på vernetenesta	x	x	x	x
2.	Legge til rette for inntak av lærlingar og arbeidspraksis.	x	x	x	x
3.	Vidareutvikle det sosiale årshjulet for å skape fellesskap med sosiale aktivitetar som til dømes julebord.	x	x	x	x
4.	Utarbeide ein Kompetanseplan som sikrar at kommunen har utvikling og endringskompetanse i høve til oppgåveløysing.	x			
5.	Betre HMS-arbeidet med fokus pga risikovurdering av fysisk og psykisk helse, vernerundar og internrevision samt følgje opp avvik og forbetringspotensiale med tiltak ute i verksemndene.	x	x	x	x
6.	Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.		x		x
7.	Arbeide for eit mål om at fråværet ikkje skal overstige 5,3 %.	x			

4. God leiing

Hemsedal kommune sitt overordna mål er at vi gjennom samhandling skal ha ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi som gir positive, trivelege og meiningsfylte arbeidstilhøve. Det er viktig å ha tillit og respekt for kvarandre sine roller i administrasjonen.

Hemsedal kommune skal vere ein nyskapande og open organisasjon, der tilsette gjennom opne prosesser skal medverke og utvikle kvalitative gode tenester.

	Beskriving av tiltak	2019	2020	2021	2022
1.	Ha fokus på leiarrolla. Arrangere to leiarasmlingar pr. år med fokus på det å vere leiar i Hemsedal kommune, utdanne og kurse leiarar	x			
2.	Gjennomføre OU prosess i helse og oppvekst. Få på plass ein leiarstruktur som er lik i heile kommunen	x			
3.	Innføre leiaravtaler slik at alle leiarar veit kva oppgåve dei har og kva forventningar som blir stilt til dei.		x		
4.	Oppdatere personalpolitiske styringsdokument, jf. Plan, sjå under	x			
5.	Arbeide med å redusere ufrivillig deltid.	x	x	x	x

Rulleringsplan på styringsdokument som høyrer inn under personalområdet

Dokument	Vedtatt	Rulling	Merknad
Lønspolitisk plan	2008	2019	
Rutine for medverknad	2017	2019	årleg
HMS Hovudbok	2017	2019	årleg
Arbeidsreglement	2006	2020	
Arbeidsgjevarstrategi	2008	2020	
Tilsettingsreglement	2008	2019	Skal endrast til Rettleiar for rekruttering
Strategisk kompetanseplan	Ikkje hatt før	2019	
Rutine for bruk av digital kommunikasjonskanalar	Ikkje hatt før	2020	
Etiske retningslinjer	2008	2019 /2020	
Gåvereglement	2006	2019	

6. ØKONOMIPERSPEKTIVET

6.1 FØRESETNADER BUDSJETT

6.1.1 – Generell informasjon

Føresetnader – drift:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 bygger på føresetnaden av at den kommunale aktiviteten i Hemsedal kommune frå 2018 skal fortsette med dei prioriteringane som vart gjort i samband med førre økonomiplan og ev. endringar i 2018. Økonomiplanen er utarbeidd i faste prisar.

Føresetnader løn og pensjonsutgifter:

Løn er rekna ut frå heimelsregister. Stillingar som ikkje er heimla har ikkje budsjett og vil følgjeleg føre til meirutgift dersom slik løn blir betalt ut. Dersom det er avvik mellom dei ressursane som den normale tenesta krev og dei heimlane som er gjeve må dette komme som innspel til budsjettprosessen.

Frå 2019 har verksemdene ikkje fått stipulert lønsjustering i sine rammar. I staden blir stipulert lønsoppgjer for 2019 og økonomiplanperioden samla på eigen post hjå rådmannen. Det er sett av 1,5 mill. kroner i 2019 og 2,5 mill. kroner som heilårsverknad frå 2020.

Pensjonsutgifter for KLP-ordninga er berekna etter 16,5 % flatt for alle som tilhøyrar KLP, medan dei er lagt på 11,0 % for alle som tilhøyrar STP.

Ev. attendebetaling frå premiefond og korrekjon for premieavvik blir ført på eige ansvar. Ev. positive eller negative effektar av desse må ikkje reknast inn i budsjettet.

Føresetnader – kjøp av varer og tenester:

Det er i utgangspunktet ikkje gjeve auke i budsjetterte utgifter. Overgang frå brutto-budsjettering til netto-budsjettering har likevel gjeve ei viss budsjettuke hjå alle. Denne er vanskeleg å berekne eksakt.

Rentesats på innlån:

Renter av eksisterande lån er rekna ut frå ei rentesats på 2,0 % p.a. Det er høgare enn løpende renter pr. dag, men rentene har stige og nærmar seg allereie 2,0 % p.a. Rådmann har teke opp lånebeløp i 2018 på 18,138 mill. kroner som eit fast-rente-lån i 3 år til ei rente på 2,01 % p.a. Går renta over 2,0 % vil dette påverke finansutgiftene og botn-lina.

Avdrag:

Avdrag er rekna ut frå 30 års avdragstid på kommunale innlån. I høve til reglane for minsteavdrag har rådmannen auka det budsjettmessige avdraget med 1,0 mill. kroner.

Avdraga er basert ut frå eit samla låneopptak på 181,5 mill. beregna pr. nyttår 2018 med tillegg av nye investeringar i økonomiplanperioden. Av lånegjeld pr. nyttår 2018 er om lag 10 mill. kroner formidlingslån og om lag 40 mill. kroner sjølvkostlån. Avdraga frå desse låna er med i kommunen sitt rekneskap, men har dekning i form av renter og avdrag frå låntakarar (startlån) og frå kundane som nytter sjølvkostområdet og betalar gebyr frå vatn og avløp.

Interkommunalt samarbeid:

Det er ei utfordring at interkommunalt samarbeid i stor grad vil få anna merksemd enn dei kommunale budsjetta.

Interkommunale selskap/samarbeid – (framlegg til budsjett):

Interkommunalt samarbeid	\$\$\$	B 2017	B 2018	B 2019	Endring	Komm.
Regionrådet Hallingdal	§27	354.000	350.000	357.000	+2,0 %	
IKT Hallingdal	§28	4.565.000	4.643.000	5.104.000	+ 9,9 %	1)
Hallingdal barnevernsteneste	§28	6.670.000	6.819.000	7.045.000	+ 3,3 %	
NAV Hemsedal og Gol	§28	7.611.000	6.500.000	6.325.000	- 2,7 %	
Felles innkrevingskontor	§27	746.000	687.000	525.000	- 23,6 %	2)
Interkomm. Legevakt- nattlevakt		206.000	206.000	206.000		
Legevaktsentral		684.000	1.050.000	859.000	- 18,2 %	3)
ØHD – intermediæravdeling (IMA)		529.000	598.000	798.000	+33,4 %	4)
Hallinghelse		170.000	190.000	188.000	- 1,0 %	
Hallingdal Etablerersenter	§27	59.000	144.000	144.000	0,0 %	
Miljøretta helsevern		108.000	113.000	113.000		
Hallingdal krisesenter	Stifting	550.000	584.000	483.000	- 17,3 %	5)
Hallingdal Renovasjon IKS	IKS	5.818.000	6.125.000	6.285.000	+ 2,6 %	
Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS	IKS	3.579.000	3.568.000	4.200.000	+ 17,7 %	
IKA Kongsberg IKS	IKS	250.000	250.000	250.000		
PPT og OT Nedre Hallingdal IKS	IKS	1.289.000	1.289.000	1.405.000	+ 9,0 %	6)
Kommunerevisjon IKS	IKS	361.000	340.000	400.000	+ 17,6 %	7)

- 1) Kraftig auke på lisensar, nye modular på eksisterande system og nytt og samordna personalsystem i Pleie- og omsorg
- 2) Reduksjon i oppgåver gir reduksjon i tal på tilsette
- 3) Budsjett 2018 for høgt
- 4) Endra fordelingsnøkkel
- 5) K-sak 59/2018, endra organisering Krisesenteret
- 6) Endra fordelingsnøkkel
- 7) Kommunerevisjon IKS – framlegg B 2017 kr. 400.000 , redusert til 340.000 i F-sak 71/2017

Føresetnader frie inntekter:

Rådmannen legg til grunn for dei frie inntektene informasjon frå Fylkesmannen i Buskerud, Grønt hefte frå Regjeringa og KS sin prognosemodell. I tillegg til desse informasjonane har rådmannen våga seg til å auke ramma med 1,51 mill. kroner utover i perioden.

Dei frie inntektene er budsjettet med 155,680 mill. kroner i 2019 og utover i perioden. Budsjett frie inntekter 2018 er 147,702 mill. kroner. Det er teke omsyn til inntektsutjamning.

Dei frie inntektene er rekna på basis av folketalet pr. 31.12.2017. Endring i folketalet i 2017 og endring så langt i 2018 tyder på at veksten i folketalet har flata ut. Ev. positive endringar må uansett nyttast til å saldere meirforbruket inntil vi har balanse mellom løpende inntekter og løpende utgifter.

Føresetnader utbytte Hemsedal Energi KF:

Det er lagt inn utbytte frå Hemsedal Energi KF på 9,0 mill. kroner etter avtale med dagleg leiar ved Hemsedal Energi KF. Ev. ytterlegare auke ved stabilt høgare kraftprisar er ikkje lagt inn.

Føresetnader eigedomsskatt:

Det er ikkje lagt inn endringar i eigedomsskatt. Førebelse berekningar av eigedomsskatt for verker og bruk og ev. inntektsbortfall ved omtaksering til næringseigedom og verdifastsetting av produksjonsutstyr syner ikke så store konsekvensar at rådmannen vil behandle dette særskilt.

Prinsippvedtak om innføring av eigedomsskatt i heile kommunen er lagt inn som inntekt med 1 promille i 2020 og 2 promille frå 2021. Eigedomsskatt er kopla direkte mot finanskostnader ved låneopptak i samband med signalisert investeringsnivå i perioden.

Føresetnader tilskot:

Tilskot som blir gjeve som prosjektmidlar for ein kortare eller lenger periode og som ikkje permanent kan finansiere løpende drift, er ikkje budsjettet. Tilsvarande er heller ikkje prosjektutgiftene budsjettet.

Føresetnader – busetting av flyktninger:

Rådmannen har i perioden 2019 – 2022 lagt til grunn at det blir busett 10 flyktningar kvart år. Dette gjev inntekt i form av integreringstilskot, men samstundes også plikt til å tilby introduksjonsprogram til dei vaksne og skuletilbod til dei yngre.

Føresetnader – sjølvkostfond:

Berekna bruk av sjølvkostfond er frå 2019 av ikkje ført som bruk av sjølvkostfond, men som auka inntekter. Det gjeld også særskilte driftstiltak på sjølvkost-området. Dette forenklar begrepet «netto driftsresultat» i budsjett-samanheng.

Føresetnader - bruk av disposisjonsfond:

I tidlegare budsjett har det vore praksis å finansiere einskildutgifter med bruk av disposisjonsfond. I nokre tilfelle har det nok også vore tenkt å finansiere utgifter utover i økonomiplanperioden med slik finansiering. Rådmannen har i framlegg til økonomiplan ikkje lagt inn bruk av disposisjonsfond som finansiering. Disposisjonsfond kan bli brukt til å finansiere drifta, men rådmannen ser helst at ein ikkje gjer det for å finansiere vedvarande høgare driftsnivå enn kva inntektene tilseier. Disposisjonsfondet er på nær 58 mill. kroner pr. d.d.

Budsjettdirektiv:

Rådmannen sendte 22.6.2018 ut budsjettdirektiv til leiargruppa, og sette med det fokus på å skaffe kommunen handlingsrom til å gjennomføre ønska investeringar. Rådmannen gjorde merksam på at rekneskapstal for 2016 og 2017 har vore kunstig positive i form av mange tilskot og at ein i budsjettprosessen må legge opp til eit utgiftsnivå som balanserer med kjende inntekter. Nye driftstiltak og behov skal i utgangspunktet dekkast innan eigne rammar. Rådmannen bad også leiarane finne heile og konkrete innsparingstiltak på 3,0 % av driftsutgiftene innan sitt område.

6.1.2 – Innsparingar frå administrasjonen**Innsparingar lagt inn i framlegget frå rådmannen:**

Rådmannen har saman med leiargruppa gjort følgjande innsparingar med verknad frå 2019:

Teknisk		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Teknisk	Auka gebyrinndeckning - plan, byggesak og matrikkelen	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Eigedomsavdeling	Endra maks-pris for hele leigeperioden	-100 000	-150 000	-150 000	-150 000
	Sum teknisk	-200 000	-250 000	-250 000	-250 000
Helse og sosial		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
NAV	Introduksjonsstønad - redusert tall flyktninger	-100 000	-120 000	-120 000	-120 000
NAV	Kvalifiseringsordninga - LITE brukt fram til nå	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000
PU	Buskerud fylke - refusjon - videregående skole	-180 000	-180 000	-180 000	-180 000
	Sum helse og sosial	-350 000	-370 000	-370 000	-370 000
Kultur og oppvekst		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
SFO	Økning brukerbetaling - 3% + korr. Tall brukere	-345 000	-345 000	-345 000	-345 000
Kultur	Innarbeida 75 000 kr til Rusfrie arrangement	-	-	-	-
Barnehage	Innsparing - 80 % fagarbeider - (427.000)	-	-	-	-
	Sum kultur og oppvekst	-345 000	-345 000	-345 000	-345 000
Rådmann med stab		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Rådmann	Utleige av økonomisjef til Gol kommune <= 20 %	-179 000	-179 000	-179 000	-179 000
	Sum rådmann med stab	-179 000	-179 000	-179 000	-179 000
	SUM	-1 074 000	-1 144 000	-1 144 000	-1 144 000

6.1.3 – Tilpasningar i drift

Auke i driftsbudsjettet – lagt inn i framlegget frå rådmannen:

Rådmannen har saman med leiargruppa lagt inn følgjande driftspostar med verknad frå 2019:

		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Teknisk - veg	Driftskonsekvens av GS-veg Holdebakken - Tuv	65 000	65 000	65 000	65 000
Helse- og omsorg	Auka grunnbemanning helg - heimetenestene	230 000	230 000	230 000	230 000
Barnehagene	Redusert foreldrebetaling - statens regler	375 000	375 000	375 000	375 000
Teknisk - selvkost	Utvendig membran Anderdalslia	500 000	-	-	-
Teknisk - selvkost	Etablering av nettmodell for vassforsyning	100 000	100 000	-	-
Teknisk - selvkost	Kontroll av vasskummer og brannvassuttak	50 000	25 000	25 000	-
Teknisk - selvkost	Ny teknologi - nye utsleppsløyver	167 000	167 000	167 000	-
SUM		1 487 000	962 000	862 000	670 000

Tiltak som gjeld sjølvkost er balansert mot gebyr-inntekter og vil følgjeleg ikkje påverke netto driftsresultat. Alle tiltaka er lagt inn som føresetnad for drift 2019-2022.

6.1.4 – Investeringstiltak – framlegg frå Formannskapet 27.11.2018

Følgjande investeringstiltak er lagt inn i økonomiplanen for 2019-2022 (alle tal eks. mva.):

Teknisk			B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
INV001	Teknisk - veg	Asfaltering Fiskum bustadfelt	710 000	-	-	-
INV002	Teknisk - veg	Asfaltering Svø III bustadfelt	1 550 000	-	-	-
INV003	Teknisk - veg	Gang og sykkelveg - Kyrkjebønsvegen	-	190 000	950 000	-
INV004	Teknisk - veg	Utbreiling av Øynevegen - trafikksikring Tuv	900 000	-	-	-
INV005	Teknisk - veg	Auka kvalitet veglys	640 000	640 000	640 000	-
INV006	Teknisk - eidegom	El-ladestasjon for kommunale biler	65 000	-	-	-
INV007	Teknisk - anna	Infrastrukturtiltak	-	5 000 000	5 000 000	5 000 000
INV008	Teknisk - anna	Omløpflyfotografering	-	250 000	-	-
INV009	Teknisk - eidegom	Ny bil	-	-	150 000	-
INV010	Teknisk - eidegom	Investeringar ref. eidedomsprioriteringar - bygningar	2 160 000	2 160 000	2 160 000	2 160 000
INV011	Teknisk - anna	Bruøyne med friområder	100 000	-	-	-
INV012	Teknisk - veg	Utbetring veg Gjuva - Grønndalsvegen	1 000 000	-	-	-
INV013	Teknisk - BU 7	Utvikling av bustadfelt BU7 - konsulentar	600 000	700 000	1 300 000	-
INV013	Teknisk - BU 7	Utvikling av bustadfelt BU7 - veg, el, gs, gangveg RV52	2 000 000	6 000 000	3 750 000	3 650 000
Sum teknisk			9 725 000	14 940 000	13 950 000	10 810 000

INV013 Frå rådmannen sitt framlegg er INV013 endra ved at 2 mill. kroner er flytta frå B 2022 til B 2019

Helse og omsorg		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022	
INV031	Omsorg	Dagsenter - omsorgsbustader m.m.	1 000 000	3 200 000	13 500 000	-
INV032	Omsorg	Bustad yngre personar med nedsett funksjonsevne	-	4 500 000	-	-
INV033	Omsorg	Nødstrømsagggregat Bygdaheimen	-	-	800 000	-
INV034	Omsorg	Velferdsteknologi - EFFEKTIVISERING	200 000	500 000	500 000	500 000

INV031 Frå rådmannen sitt framlegg er INV031 endra ved at 1 mill. kroner er flytta frå B 2021 til B 2019
Investering i dagsenter/omsorgsbustader og bustad yngre person med nedsett funksjonsemne er nettobeløp etter berekna tilskot frå Husbanken.

Kultur og oppvekst			B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
INV021	Bibliotek	Ombygging	-	300 000	-	-
INV022	Kultur	Kultursal - inne i INV010 - oppr. 20' og 100'	-	-	-	-
INV023	Tuv barnehage	Leikeapparat	75 000	-	-	-
INV024	Skule	Sentralskule	3 000 000	41 600 000	70 400 000	-
INV025	Skule	Trøymshallen - utviding	-	-	30 000 000	-
INV026	Barnehage	Ombygging Ulsåk oppvekstsenter - barnehage	-	-	2 400 000	5 600 000
INV027 - Barnehage		Ny modulbarnehage Ulsåk	300 000	-	-	-
		Sum kultur og oppvekst	3 375 000	41 900 000	102 800 000	5 600 000

INV027 Frå rådmannen sitt opprinnelege framlegg er investeringskostnader til ny modulbarnehage Ulsåk endra ved at 300.000 kroner er lagt inn i B 2019

Rådmann og stab			B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
INV991	Kyrkja	Måling av Lykkja kapell	-	-	160 000	-
INV992	Kyrkja	Nytt gjerde rundt Lykkja kapell	-	80 000	-	-
INV993	Kyrkja	Måling av klokketårnet Hemsedal kyrkje	-	240 000	-	-
INV994	Kyrkja	Etterisolering av våpenhus og klokketårn Hem	-	192 000	-	-
INV995	Kyrkja	Innkjøp av gravmaskin	-	600 000	-	-
		Sum rådmann og stab	-	1 112 000	160 000	-

	SUM investeringer ekskl. selvkost	14 300 000	66 152 000	131 710 000	16 910 000
--	--	-------------------	-------------------	--------------------	-------------------

Sjølvkost			B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
VARINV021	Sjølvkost	Nytt CIP-anlegg - Ulsåk renseanlegg	1 500 000	-	-	-
VARINV022	Sjølvkost	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg - vatn	900 000	-	-	-
VARINV022	Sjølvkost	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg - avløp	900 000	-	-	-
VARINV023	Sjølvkost	Nytt avløpsanlegg Tuv	400 000	10 000 000	10 000 000	-
VARINV024	Sjølvkost	Rehabilitering av ledningsnett mm - vatn	-	350 000	1 450 000	-
VARINV024	Sjølvkost	Rehabilitering av ledningsnett mm - avløp	-	350 000	1 450 000	-
VARINV025	Sjølvkost	Utviding av Holdebakken høydebasseng	6 000 000	2 000 000	-	-
VARINV026	Sjølvkost	Utviding av returpunkt Holdebakken	2 000 000	-	-	-
VARINV027	Sjølvkost	Utvikling av bustadfelt BU7 - vatn	175 000	150 000	525 000	-
VARINV027	Sjølvkost	Utvikling av bustadfelt BU7 - avløp	175 000	150 000	525 000	-
VARINV027	Sjølvkost	Utvikling av bustadfelt BU7 - vatn	-	500 000	2 795 000	-
VARINV027	Sjølvkost	Utvikling av bustadfelt BU7 - avløp	-	500 000	2 795 000	-
		Sum investeringer selvkostområdet	12 050 000	14 000 000	19 540 000	-

VARINV021 Frå rådmannen sitt opprinnelege framlegg er investeringskostnader til nytt CIP-anlegg Ulsåk renseanlegg komme med – investering kr. 1,5 mill. kroner i B 2019

TOTALE INVESTERINGAR	26 350 000	80 152 000	151 250 000	16 910 000
-----------------------------	-------------------	-------------------	--------------------	-------------------

Finansiering investeringar:

Alle investeringar er i utgangspunktet finansiert ved eksterne lån. Førebels er rentedifferansen mellom innlånsrente og innskotsrente marginal. Finansieringa kan delvis gjerast om til bruk av bundne fond, men vil ikkje påverke driftsresultatet i særleg grad med unntak av reduksjon i avdragskostnader.

6.1.5 – Driftstiltak – framlegg frå Formannskapet 27.11.2018

Rådmannen har i sitt framlegg lagt fram eit saldert budsjett for 2019 der netto driftsresultat var «null». Alle nye tiltak må finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

6.1.5.1 Teknisk – tiltak som formannskapet har prioritert:

	Teknisk		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
013	Teknisk - anna	Driftstilskot HUS	450 000	450 000	450 000	450 000

013 Frå rådmannen sitt framlegg er tiltak 013 endra ved at 450.000 kroner er lagt inn i B 2019

6.1.5.2 Teknisk – tiltak som formannskapet ikkje kan prioritere:

	Teknisk		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
001	Teknisk - veg	Overtaking av Lauparvegen	-	80 000	80 000	80 000
002	Teknisk - miljø	Resipientovervaking og vasskvalitet	-	100 000	100 000	100 000
003	Teknisk - veg	Bruøyne, komm. Parkanlegg i sentrum	-	50 000	50 000	50 000
004	Teknisk - veg	Oppsyn/sommarvedlikehald - sti og løyper	-	250 000	250 000	250 000
005	Teknisk - eigedom	20 % auka stilling - reinhaldsleiar	-	108 000	108 000	108 000
006	Teknisk - anna	Rekrutteringsprosjekt - samfunnsplan	-	150 000	100 000	100 000
007	Teknisk - anna	Stigsykling for heile familien	-	300 000	300 000	300 000
008	Teknisk - eigedom	Vaktmester - 100 %	-	235 000	562 000	562 000
009	Teknisk - eigedom	Vedlikehaldsmidler - ekstra	-	540 000	540 000	540 000
010	Teknisk - eigedom	Renhold bygdaheimen	130 000	258 000	258 000	258 000
011	Teknisk - anna	Auka stillingheimel - næringskonsulent - 11%	90 000	90 000	90 000	90 000
012	Teknisk - veg	Trafikktryggleikstiltak	200 000	200 000	200 000	200 000

6.1.5.3 Helse og sosial – tiltak som formannskapet har prioritert:

	Helse og sosial		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
034	Helse- og omsorg	Kvardagsrehabilitering, overgang fra prosjektmidl	600 000	750 000	750 000	750 000
038	Helse- og omsorg	Bråtenjorde - 2:1	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000

038 Tiltak som er komme til etter at rådmannen begynte å lage framlegg til handlingsprogram og økonomiplan. Stipulert tilskot er lagt inn i økonomiplanen

6.1.5.4 Helse og sosial – tiltak som formannskapet ikkje kan prioritere:

	Helse og sosial		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
031	Helse- og omsorg	Kriseteam	-	50 000	50 000	50 000
032	Helse- og omsorg	Ergoterapeut	-	775 000	775 000	775 000
033	Helse- og omsorg	Heimetjenestene - leasing bil	50 000	50 000	50 000	50 000
035	Helse- og omsorg	Dagsenter, nye ressurser	-	120 000	120 000	120 000
036	Helse- og omsorg	NYBY	-	-	-	-
037	Helse- og omsorg	Psykolog - lovpålagt - samarbeidsprosjekt	-	400 000	400 000	400 000

6.1.5.5 Kultur og oppvekst – tiltak som formannskapet har prioritert:

	Kultur og oppvekst		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
029	Barnehagene	Ny modulbarnehage Ulsåk	1 174 000	2 332 000	2 332 000	2 332 000

029 Tiltak som er komme til etter at rådmannen begynte å lage framlegg til handlingsprogram og økonomiplan. Talet for 2019 er korrigert medan vi venter på fullstendig sak vinteren 2019

6.1.5.6 Kultur og oppvekst – tiltak som formannskapet ikke kan prioritere:

	Kultur og oppvekst		B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
021	Bibliotek	Økt ramme - innkjøp bøker (stoler 2019)	-	68 000	15 000	15 000
022	HBU	Fortsatt Tyskland - Polen - tur etter 2019	-	150 000	150 000	150 000
023	Kulturskolen	Økt ramme - administrasjon	-	143 000	143 000	143 000
024	Barnehagene	Lærling - netto	286 000	190 000	47 000	-
025	Skolene	Økt lærtetthet - tilskudd borte fra 2019	-	650 000	650 000	650 000
026	Kultur	"Ung i Fauskival"	-	75 000	75 000	75 000
027	Skolene	Logoped-kjøp av tilbud	-	132 000	132 000	132 000
028	Kultur	Stilling bygdearkivet - digitalisering	-	40 000	40 000	40 000

6.1.5.7 Rådmann og eksterne – tiltak som formannskapet ikke kan prioritere:

Rådmann med stab			B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
991	Kultur og oppvekst	Auka ramme - kyrkjeleg fellesråd	213 000	213 000	213 000	213 000
992	Kultur og oppvekst	Rehabilitering kyrkjeorgel	96 000	-	-	-

6.2 ØKONOMISKE OVERSIKTER

6.2.1 - Økonomisk oversikt drift (alle tal i heile 1.000 kroner)

	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter						
Brukertilbetalinger	9.097	9.198	9.523	9.713	9.713	9.713
Andre salgs- og leieinntekter	29.047	29.974	32.573	32.823	33.623	33.977
Overføringer med krav til motytelse	30.199	14.637	12.733	12.170	12.079	11.936
Rammetilskudd	69.845	72.162	75.800	75.800	75.800	75.800
Andre statlige overføringer	15.471	8.252	8.542	8.665	7.588	7.311
Andre overføringer	101	28	28	28	28	28
Skatt på inntekt og formue	76.758	75.540	79.880	79.880	79.880	79.880
Eiendomsskatt	7.135	6.340	6.400	12.400	18.400	18.400
Andre direkte og indirekte skatter	2.727	2.830	3.000	3.000	3.000	3.000
Sum driftsinntekter	240.379	218.961	228.479	234.479	240.111	240.045
Driftsutgifter						
Lønns utgifter	118.569	116.567	118.982	120.167	120.153	120.041
Sosiale utgifter	27.576	29.731	33.037	33.385	33.373	33.349
Kjøp av varer og tjenester som inngår i tj. produksjon	35.314	28.760	30.925	28.505	28.383	27.570
Kjøp av tjenester som erstatter tj. produksjon	33.794	37.399	37.153	37.709	37.709	37.709
Overføringer	11.008	10.200	11.483	11.840	11.829	11.786
Avskrivninger	10.867	10.383	10.614	10.614	10.614	10.614
Fordelte utgifter	-144	0	-600	-600	-600	-600
Sum driftsutgifter	236.982	233.040	241.594	241.620	241.461	240.469
Brutto driftsresultat	3.398	-14.079	-13.115	-7.141	-1.350	-424
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	7.513	6.572	10.464	10.310	10.310	10.310
Gevinst på finansielle instrumenter (omløps n	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	7.513	6.572	10.464	10.310	10.310	10.310
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	2.703	2.771	3.012	3.868	6.032	7.527
Tap på finansielle instrumenter (omløps midle	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	7.448	6.829	8.616	10.296	14.166	16.926
Utlån	0	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	10.151	9.600	11.628	14.164	20.198	24.453
Resultat eksterne finansstrukturer	-2.638	-3.028	-1.164	-3.854	-9.888	-14.143
Motpost avskrivninger	10.867	10.383	10.614	10.614	10.614	10.614
Netto driftsresultat	11.626	-6.724	-3.665	-381	-624	-3.953
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	12.363	13.068	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	2.339	5.700	3.761	567	800	4.129
Bruk av bundne fond	6.775	3.997	3.059	2.979	2.979	2.979
Sum bruk av avsetninger	21.477	22.765	6.820	3.536	3.779	7.108
Overført til investeringsregnskapet	30	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbru	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	14.267	13.143	75	75	75	75
Avsatt til bundne fond	5.738	2.898	3.080	3.080	3.080	3.080
Sum avsetninger	20.035	16.041	3.155	3.155	3.155	3.155
Regnskapsmessig mér/mindreforbruk	13.068	0	0	0	0	0

6.2.2 - Økonomisk oversikt investering (alle tal i heile 1.000 kroner)

	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	7.640	8.879	0	0	0	0
Andre salgsinntekter	1	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	5.821	7.700	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	1.711	5.778	3.093	18.414	39.053	4.715
Statlige overføringer	0	0	65	7.500	24.200	0
Andre overføringer	0	0	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	15.173	22.357	3.158	25.914	63.253	4.715
Utgifter						
Lønnsutgifter	378	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	103	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	17.383	49.555	24.915	87.652	175.450	16.910
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0	0	0
Overføringer	1.711	5.778	3.093	18.414	39.053	4.715
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0	0
Sum utgifter	19.575	55.333	28.008	106.066	214.503	21.625
Finansieringsaksjoner						
Avdrag på lån	385	0	420	420	420	420
Utlån	6.007	1.229	2.500	2.500	2.500	2.500
Kjøp av aksjer og andeler	580	550	630	630	630	630
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	13.096	11.339	0	0	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	1.333	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	21.402	13.118	3.550	3.550	3.550	3.550
Finansieringsbehov						
	25.803	46.094	28.400	83.702	154.800	20.460
Dekket slik:						
Bruk av lån	16.992	20.221	27.350	82.652	153.750	19.410
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	4.018	0	420	420	420	420
Overført fra driftsregnskapet	30	0	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	480	73	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	20	400	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	4.337	25.400	630	630	630	630
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Sum finansiering	25.876	46.094	28.400	83.702	154.800	20.460
Udekket/udisponert	73	0	0	0	0	0

6.2.3 – Økonomisk oversikt – Budsjettkjema 1A (alle tal i heile 1.000 kroner)

Regnskapsskjema 1A - drift (heile 1.000 kroner)	R 2017	B 2018-oppr.	B 2018-rev	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Skatt på inntekt og formue	76 758	75 540	75 540	79 880	79 880	79 880	79 880
Ordinært rammetilskudd	69 845	72 162	72 162	75 800	75 800	75 800	75 800
Skatt på eiendom	7 135	6 340	6 340	6 400	12 400	18 400	18 400
Andre direkte eller indirekte skatter	2 727	2 830	2 830	3 000	3 000	3 000	3 000
Andre generelle statstilskudd	15 471	8 252	8 252	8 542	8 665	7 588	7 311
Sum frie disponible inntekter	171 935	165 124	165 124	173 622	179 745	184 668	184 391
Renteinntekter og utbytte	7 513	6 572	6 572	10 464	10 310	10 310	10 310
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 703	2 772	2 771	3 012	3 868	6 032	7 527
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-	-
Avdag på lån	7 448	6 829	6 829	8 616	10 296	14 166	16 926
Netto finansinnt./utg.	-2 638	-3 028	-3 028	-1 164	-3 854	-9 888	-14 143
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	14 267	75	13 143	75	75	75	75
Til bundne avsetninger	5 738	2 898	2 898	3 080	3 080	3 080	3 080
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	12 363	-	13 068	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	2 339	3 800	5 700	3 761	557	800	4 129
Bruk av bundne avsetninger	6 775	3 997	3 997	3 059	2 979	2 979	2 979
Netto avsetninger	1 472	4 824	6 724	3 665	381	624	3 953
Overført til investeringsregnskapet	30	-	-	-	-	-	-
Til fordeling drift	170 739	166 919	168 820	176 123	176 272	175 404	174 201
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-						
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	170 739	166 919	168 820	176 123	176 272	175 404	174 201

6.2.4 – Økonomisk oversikt – Budsjettkjema 1B (alle tal i heile 1.000 kroner)

	R 2017	B 2018-oppr.	B 2018-rev	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
10 - Sentraladm.							
Utgifter	35 837	39 903	39 935	37 777	36 614	36 686	36 614
Sum inntekter	-16 790	-15 254	-12 456	-12 121	-11 721	-11 722	-11 721
Netto-utgifter	19 047	24 649	27 479	25 656	24 893	24 964	24 893
20 - Kultur og oppvekst							
Sum utgifter	73 439	64 152	64 154	67 315	68 832	68 832	68 832
Sum inntekter	-17 003	-6 812	-7 331	-6 887	-7 072	-7 072	-7 063
Netto-utgifter	56 436	57 340	56 823	60 428	61 760	61 760	61 769
30 - Helse og omsorg							
Sum utgifter	75 749	73 804	74 028	80 289	80 439	80 439	80 439
Sum inntekter	-16 189	-12 369	-12 886	-12 034	-12 034	-11 954	-11 854
Netto-utgifter	59 560	61 435	61 142	68 255	68 405	68 485	68 585
40 - Teknisk							
Sum utgifter	52 101	52 927	54 922	56 813	56 335	56 104	55 184
Sum inntekter	-29 473	-29 432	-31 546	-35 029	-35 121	-35 909	-36 230
Netto-utgifter	22 628	23 495	23 376	21 784	21 214	20 195	18 954
Alle avdelinger:							
Utgifter	237 126	230 786	233 039	242 194	242 220	242 061	241 069
